
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: onsdag 3. januar 2018 14.54
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Tonje Nepstad Epland
Emne: Svar på førespurnad om trekking av klage på vedtak om frådeling av bustad på gnr. 46 bnr. 8 på Manger Øvre, Radøy

Radøy kommune

Bergen 3. januar 2018

Vår ref: 17/12727

Dykkar ref: 17/470

Svar på førespurnad om trekking av klage - Vedtak om frådeling av bustad på gnr. 46 bnr. 8 på Manger Øvre, Radøy

Vi viser til kommunen sitt brev frå i går der kommunen ber Fylkesmannen vurdere trekking av klage i saka.

Den 18.12.17 påklaga Fylkesmannen vedtaket til Hovudutval for plan, landbruk og teknisk frå 22.11.17 om å gi dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for frådeling av bustad (hus nr. 2) på gnr. 46 bnr. 8 på Manger Øvre.

I brevet frå i går kjem det fram fleire nye opplysningar i saka, hovudsakleg fordi kommunen har vedtatt deling etter jordlova for ein annan bustad (hus nr. 1) på same eigedom. Dei nye opplysningane endrar ikkje Fylkesmannen sitt syn på saka. Vi held derfor fast på vår klage.

Vi gjer merksam på at ei frådeling av parsell på 11 dekar som omfattar hus nr. 1, krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen. Parsellen på 11 dekar er ikkje å rekne som landbrukseigedom, og vil difor vere i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen.

Med venleg helsing

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal og samfunnsplanavdelinga
tlf: +4755572057

www.fylkesmannen.no/Hordaland
[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)
[Send melding til Fylkesmannen](#)

